

Program

2019 - 2023



”Saman for Voss Herad - bygd for alle”

Gode veljar

Det går mot nytt lokalval, og du skal avgjera kven som skal sitja i førarsetet og styra bygda vår dei neste fire åra.

I vurderinga kan det vera greitt å ha med seg noko av det me har gjort, og det me tenkjer å gjera. I innleiinga seier me litt om dei fire åra me har bak oss, medan resten av programmet peikar framover.

2015–2019 har vore ein periode med enorm utvikling på Voss. Det har aldri før vore så mykje byggeaktivitet i bygda både av hus og hytter, men og ei rekkje større prosjekt i heile kommunen.

Kommunen har bygd ny barnehage, tre delvis nye skular, bustader for menneske med nedsett funksjons- evne og Vossabadet, men det stoppar ikkje der. Ny Gondol og eit nytt knutepunkt gjev reiselivsbygda Voss eit kjempeløft, og skulestaden Voss har fått to nye vidaregåande skular. Voss har på mange vis endra seg dei siste fire åra.

2 Bygga er ikkje viktige i seg sjølv, men at dei er funksjonelle ramme for tenestene som skal produserast. Folk er viktige. Det er innbyggjarane og deira velferd og trivnad som til ei kvar tid er målet med politikken vår. Sjølv i eit rikt samfunn som det norske, må det prioriterast strengt.

Innan barnehagar gjekk me til val på auka ressursar, noko me har levert. Budsjetta for oppvekst, helse og omsorg er styrka monaleg dei siste åra. Dette handlar om å møta dei utfordringane me står framfor der både fleire unge og eldre ynskjer kommunale tenester.

Kommunepolitikken er nærast altomfattande, difor har me mellom anna utvikla ein lokal landbrukspolitik i tett dialog med bondeorganisasjonane. Me har meisla ut ein meir omfattande næringspolitikk der kommunen si rolle er blitt meir aktivt tilretteleggjande.

Klima har vore viktig, men vil vera endå viktigare framover. Me har fått på plass ny energi- og klimaplan med klare tiltak, og me har løfta miljøutfordringane som eit overordna tema i ny kommuneplan.

Voss Arbeidarparti er klar til å ta Voss herad vidare. Me går til val med: «Voss herad – bygd for alle». Me ynskjer med det å understreka *felleskapen* me alle er ein del av, og at me saman vil løysa utfordringane me står framfor på best mogleg måte.

Godt val!

Hans-Erik Ringkjøb

Ordførarkandidat

**«Voss herad –
bygd for alle»**



Heradet vårt


1. januar 2020 er ein merkedag. Voss og Granvin går saman og vert Voss herad.



Ein ny kommune, som eigentleg er fire gamle kommunar, nemleg Evanger, Vossestrand, Granvin og Voss. Heradet følgjer oss gjennom heile livet, både som plassen der me lever liva våre, men og som tenesteproducent. Me er ein del av ein stor kommune med mange grender og bygder som saman utgjør Voss.

Eit velfungerande herad er ein føresetnad for både lokaldemokratiet og for gode tenester. Det er alle me som bur i Voss, som på sett og vis er heradet. Det er opp til oss alle å skapa eit godt herad. Me skal byggja ein fellesskapskultur.

- Lokaldemokratiundersøkinga viste at me må styrka tilliten mellom innbyggjarane, politikarane og administrasjonen. Meir samhandling, meir dialog og god informasjon er nøkkelen til auka tillit.
- Voss herad skal vera kjent for å driva god forvaltning og levera gode tenester. Me må betra omdømet både i rolla som forvaltar og tenesteytar.
- Me skal leggja til rette for meir brukarvenlege tenester gjennom gode og lettfattelege nettsider.
- Me vil halda fast på ein open-dør politikk, der det skal vera lett å koma i kontakt med ordførar eller andre sentrale politikarar, men i tillegg vil me i større grad oppsøka innbyggjarar. Me ynskjer ordførarbenken tilbake.
- Me skal ha eit herad med ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk. Saman skapar me Voss herad, og me skal ha ein høg etisk standard og styrka tilliten i heradet vårt.
- Som arbeidsgjevar, skal Voss herad ta ansvar for å auka talet på lærlingeplassar i kommunal regi til nasjonalt nivå på to lærlingar per 1000 innbyggjar.
- Me skal etablere ein heiltidskultur, og me skal gje tilbod der vaksne tilsette kan ta fagbrev.
- Tek du kontakt med Voss herad, skal du få svar. God svarkultur er viktig. Det handlar om å ta innbyggjarane på alvor.
- Me vil ha på plass eit styrka lokaldemokrati gjennom å skapa engasjement i dei nye grendautvala.
- Voss herad skal ta eit klart standpunkt for eit rettferdig arbeidsliv. I samband med innkjøp, anbod og nybygg, skal me setja krav om at samarbeidspartar skal vera læreverksemder, ha lønsvilkår itråd med tariffavtale og nytta egne fast tilsette. Dette skal bli modellen vår for eit godt arbeidsliv.



Born og unge



Born og unge er framtida vår

4 - og me må syta for at dei kan møta framtida med best mogleg ballast. Det skal vera trygt å veksa opp i Voss

herad, og kvalitetane i heile kommunen skal vera grunnlaget for gode oppvekstvilkår.

- Talet på barnehageplassar må aukast slik at alle som treng det, får barnehageplass.
- Me veit at ein del born og unge møter utfordringar i skulesystemet. Dette kan best avhjelpast med tidleg innsats. Dette vil ha høgste prioritert i både barnehage og dei første åra i skulen.
- Eit viktig tiltak for at fleire skal trivast og utvikla seg, er å styrka dei praktiske faga. Difor vil me prioritera sløyd, handarbeid og skulekjøkken i samband med ombygging og rehabilitering av skulebygg.
- Me skal oppgradera Vangen og Skulestad skular, og me skal bygga idrettsfløyen på Voss ungdomsskule.
- Ungdomsmiljøet skal støttast ved å halde oppe gode kultur- og idrettstilbod, og å sikra yrkesskulebygget i Granvin for dette føremålet.
- Me ønskjer unge ut i arbeid. Ein ny variant av «Prosjekt sommarjobb» kan sikra unge god arbeidstrening.
- Voss har eit særleg ansvar som vertskommune for vidaregåande skular, og der skal arbeidet med å få nok lærling- og praksisplassar intensivast.
- Me vil satsa på akuttarbeidet i barnevernet, mellom anna ved å få på plass ei ordning med barnevernsvakt.
- I Voss herad skal me halda fram med anti-mobbe-arbeidet. Det er nulltoleranse for alle former for mobbing, og dei vaksne må visa veg.
- Dersom dei statlege løyvingane til kommunane aukar, ynskjer me å redusera prisen både på SFO og kulturskulen.
- Voss kommune skal aktivt jobba for eit permanent høgskuletilbod på Voss.

Helse og omsorg

Helse og omsorg leverer tjenester til innbyggjarane gjennom heile livet, og det vert levert ei rekkje tilbod.



Tek me i tillegg med folkehelse, må me kunne seia at me snakkar om helse og omsorg heile livet. Noko av det viktigaste me kan gjera, er å legge til rette for at innbyggjarane våre kan bu i eigen heim så lenge som mogleg.

Då må me bygga omsorgsbustader, og me må ha ordningar som gjer at heimebuande også kjem seg ut og er sosialt aktive.

5

- Me vil leggja til rette for at ein er trygg om ein bur i eigen heim gjennom å styrka heimetenestene.
- Helse og omsorg skal bygga på prinsippet om at innbyggjarane våre skal vera sjef i eige liv.
- Det førebyggjande arbeidet skal styrkast gjennom aktivitet og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å bruka mindre ressursar på reparasjon. Dagplassar og -tilbod vil difor vera viktige tiltak.
- Me skal bygga omsorgsbustader på Udlabutomta og auka talet på omsorgsbustader, dvs. bustader tilrettelagte for ulike grupper.
- Voss herad skal ha aktivitetar og bustadar for personar med psykiske og rusrelaterede lidingar.
- Me vil styrka samarbeidet med Nav, arbeidstreningsinstitusjonar og attføringsbedrifter, m.a. ved å få på plass fleire praksis- og arbeidstreningsplassar gjennom Nav og kommunen sin organisasjon.
- Me vil vera ein pådrivar for å styrka Voss sjukehus.
- Det skal byggast kommunalt institusjonskjøkken på Vetleflaten.
- Me vil leggja til rette for brukarmedverknad, mellom anna ved å styrka samhandlinga med Seniorrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- For å lukkast med helse og omsorgstenesta i framtida, treng me frivillig innsats. Me vil at kommunen og frivillig sektor både utvidar og utviklar samarbeidet.
- Me vil sikra legedekning i Granvin under føresetnad om at det er pasientgrunnlag.



Klima og miljø

Klima- og miljøkrisa er den største utfordringa me står framfor.

- Me kan ikkje løysa denne krisa åleine, men me må gjera vårt. Voss herad må snarast bli berekraftig.

Ein kommune der det er balanse mellom bruk av ressursar og det naturen kan tole. For å få det til, må kommunen gå føre, og omtanke for klima og miljø må vera ein del av alt me gjer.



6

- Me seier nei til vindturbinar i Vossafjella. Alternativ som modernisering av eksisterande kraftverk, mindre energibruk og havvind må vera satsingsområda.
- Me seier ja til flaumvern og ja vassdragsvern i Vossovassdraget.
- Energi- og klimaplanen må styrkast og bli ein del av den overordna kommuneplanen.
- I alle politiske saker skal klimatilpassing og klima- og miljøomsyn vera ein fast del av utgreiinga.
- Satsinga på biogass og bioenergi må utviklast vidare, og i tråd med tidlegare vedtak må Voss herad gå føre og bruka klimavenlege energikjelder.
- Kommunale nybygg skal byggast etter prinsippet om berekraft.
- Klima- og miljøomsyn skal vektast tyngst når Voss herad fornyar bil- og maskinparken sin.
- Meir sykling er god folkehelse og god miljø- og klimapolitikk. Difor skal me få på plass bygdesyklar på Voss.
- Bruken av plast skal ned, og på fotballbanane skal det iversetjast tiltak for å hindra spreing av granulat.
- Me må aktivt bruka Indre Hordaland Miljøverk i kampen for betre klima og miljø. Gode opnings-tider, nok returpunkt og ei leiande rolle innan resirkulering vil vera våre forventingar til IHM.
- På vegen mot eit klimanøytralt landbruk skal me utvikla prosjektet Karbonfangst i Vossajordbruket.
- Hent-meg-heim buss skal gjera det lettare å koma seg rundt i kommunen på ein miljøvenleg og effektiv måte.
- Bioenergi frå anlegget på Gjernes er eit godt tiltak, men varmerøyra skal plasserast slik at Grandane vert som før!



Næringsutvikling

Voss herad skal vera ein næringsvenleg kommune.



Det handlar om å ha nok areal til næringsutvikling, styrka næringsaktørar der kommune kan bidra, og vera ein aktiv bidragsytar både for nye og eksisterande verksemder.

- Eit levande næringsliv sikrar både jobbar og inntekter. Med det som bakteppe, skal samfunns- og næringsutvikling vera ei hovudsatsing i Voss herad.
- Kontaktforumet mellom kommune og næringsliv skal styrkast, og Voss herad skal aktivt delta på samhandlingsarenaer.
- Næringshagen på Voss har vore ein stor suksess, og vidare støtte til han skal sikra ei endå sterkare næringsutvikling på Voss.
- Voss næringspark Istad skal utviklast vidare, og vera attraktiv for verksemder som treng store areal for aktivitet sin.
- Voss herad skal ha ei aktiv rolle i samband med utviklinga av Bømoen. Me står fast på tidlegare vedtak: Me vil ta vare på Bømoløypa, friluftsområda, flyplassen og vassressursen i Bømoen. Vidare er det rom for næringsutvikling, men me seier nei til bustader.
- Me vil ta vare på landbrukskompetansen i næringsavdelinga, og styrka kompetansen og kunnskapen om andre næringar.
- Me vil at Voss herad skal handle lokalt der dette er mogleg.



Landbruk for framtida

Voss er den største landbrukskommunen i Hordaland målt etter arbeidsplassar i næringa, men også etter arbeidsplassar i tilgrensande næringar.



I tillegg gjer landbruket ein stor innsats med å pleia kulturlandskapet. Noko ikkje minst reiselivsnæringa nytt godt av. Av den grunn, er det viktig at me byggjer ein lokal landbrukspolitikk, og at me støttar landbruket i deira arbeid for gardsdrift på Vestlandet også i framtida.

8

” Me treng ein politikk der me i framtida går bort i frå dagens sentraliserings- og stordriftspolitikk

- Det viktigaste lokale tiltaket me kan gjera er å verna matjorda. Må det takast matjord, skal det stillast krav om at arealet skal erstattast.
- Skogressursane i heradet er store, og difor må det på plass tømmerkai i Granvin og ein skogfrøplantasje for å vidareutvikla skogressursane.
- På eit overordna nivå, er det vår oppgåve å bidra til å sikra dei typiske Vestlandsbruka og fruktbøndene.
- Me skal leggja til rette for fast sal av kortreis mat på torget, og slik stimulera til produksjon og omsetnad av lokalprodusert mat.
- Gjennom landbruket og reiselivet, skal me byggja oppunder den lokale mattradisjonen og identiteten vår ved auka bruk av lokale råvarer og produkt.
- Me må gjennom m.a. «meir mjølk»-prosjektet motivera gardbrukarane til å satsa på garden sin, og på den måten hindra at det vert stadig færre bruk i drift på Voss.
- Voss herad må stilla opp for nye aktørar innan landbruk og næringsmiddel slik som larvefarmen Invertapro.
- Som stor landbrukskommune, bør kommunen vera positiv medspelar i samband med prosjekt som handlar om innovasjon og nyskaping i landbruket.
- Me skal stå opp for foredlingsverksemder innan matproduksjon og innan skogbruket.
- Me må jobba for bøndene sine arbeidsvilkår og støtta dei i kravet om å kunna kombinera arbeid i landbruket med anna arbeid.

Fjord og fjell – reisemålet Voss

” Me vil legge berekraft til grunn for satsinga på reiseliv

Reiselivet er den største næringa på Voss, og me er heldige som er reisemål både sommar og vinter.

Voss herad strekkjer seg frå fjord til fjell i det som er eit viktig reisemål for mange. Reisemålet vårt er i utvikling med store satsingar som berre vil gjera reiselivet endå viktigare for oss!

Voss herad må i så måte vera ein aktiv aktør. Reisemålsutvikling er ei sentral oppgåve som me må løysa i lag med næringa.

- Voss sin posisjon som reisemål fordrar at me er i front i å utvikla reiselivet. Me vil ta initiativ til ein årleg reisemålskonferanse der me skal dyrka internt samarbeid for å styrka oss i den eksterne konkurransen.
- Det går mot eit grønar og meir berekraftig reiseliv. Her skal Voss herad ta initiativ til og støtta opp om tiltak som gjer at me vert det grønarste reisemålet i vårt område.
- Me vil stimulera til godt samarbeid innan turistnæringa, og styrka samarbeidet mellom kulturtradisjonar og turisme – ekte vare.
- Det viktigaste me kan tilby gjestene våre og våre fastbuande, er aktivitetar. Me skal bli leiande på aktivitetsturisme.
- Andre sin suksess er vår suksess. Difor skal me jobba for tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene for å løfta reiselivet i regionen.
- Me ynskjer å etablera eit reiselivsråd.
- Me treng å utdanna våre eigne til arbeid innan reiselivsnæringa. På det viset kan me vera dei beste ambassadørane for vår region. Difor skal me arbeide for å ta vare på reiselivsutdanning ved dei vidaregåande skulane.
- Voss er ein friluftslivkommune, og me må ta vare på dei urørte områda som er att. Difor seier me nei til nye store hytteområde utover dei som allereie er planlagt.
- Dei urørte områda i Voss herad skal takast vare på, og Voss skal vera ein vindmøllefri kommune.
- Me ynskjer å få på plass ein komplett gang- og sykkelsti frå Voss sentrum til Granvin på den gamle traséen til Granvinsbanen.
- I Bolstadfjorden skal småbåthamna gjerast ferdig, og i Granvin skal hamna også utviklast som gjestehamn.

Kultur- og idrettsbygda



10 Tenk på medaljebygda Voss med alle sine OL og VM-medaljar! Tenk at me er hardingfela si vogge, og har valt henne som felles symbol.

På same tid som me er i verdstoppen, har me ei enorm breidde og dugnadsånd som gjer at me saman får til meir. Voss herad skal ta med seg dei stolte tradisjonane inn i framtida. Slik sikrar me at identiteten vår

lever vidare, og me kan framleis dyrka det unike og ekte ved alle delar av kommunen vår. Me er bygda for sterke opplevingar!


- Voss herad skal vera ein stad for nasjonale og internasjonale kultur- og idrettsarrangement. Heradet skal bidra til både etablerte og nye arrangement.
- Gjennom hardingfela som heradsvåpen, og den aktiviteten som er knytt til hardingfela, skal me gjennom henne både byggja kommunen sin identitet og bygga oppunder folkemusikken og folkedansen.
- Det er viktig at tilskota til lag og organisasjonar vert auka i tråd med kostnadsveksten.
- Me ønskjer å auka tilbodet innan kulturskulen, og leggja til rette for desentraliserte tilbod.
- Det er ei god ordning at bruk av skulane på kvardagar er gratis for lag og organisasjonar, og at heradet sikrar ljøs i alle idrettsanlegg.
- Innan kultur og idrett er mange ulike organisasjonar. Samarbeid er difor viktig. Voss herad skal ha tett dialog med kulturlivet, Kulturrådet, Idrettsrådet, Ungdomsrådet, grendautval og andre aktørar.
- Klart språk skal vera eit kjenneteikn ved Voss herad. Me skal fremja god nynorsk i kommunen og gje tilsette tilbod om opplæring.
- Gamlekinoen er blitt ein velsett kulturarena, og no skal det siste og store byggetrinnet fullførast.
- Me ynskjer å utvikla området Kyrkjeteigen i Granvin der universelt utforma turområde og arena for trailaktivitet står sentralt.
- Me vil auka bruken og kunnskapen om matkulturen vår, og gjennom det bruka lokale ressursar og servera tradisjonsmat.

Tak over hovudet

Voss har i lang tid vore i ein situasjon der det har vore både dyrt og vanskeleg å få seg ein plass å bu.

I lag med etablering av arbeidsplassar, er det å ha tak over hovudet noko av det viktigaste ein kommune kan jobba med.

Vidare er me heldige som har ein kommune der det bur folk i heile kommunen, og difor må det òg framover leggst til rette for bustadbygging i heile kommunen.



- Skal me få fleire til å velja Voss i framtida, må me halde oppe takten i bustadbygginga.
- Me vil ha større variasjon i bustadmarknaden, slik at alle skal kunne få sin eigen heim uavhengig av inntekt og økonomi. Voss eigeendom må bygga bustader for fyrstegongsetablerarar.
- Me vil gjennom kommunalt planarbeid sikra bustadbygging i heile kommunen.
- Me skal framleis bygga tett på område som allereie er utbygde, slik at me ikkje byggjer ned verdifullt landbruksareal. Me vil i større grad leggja vekt på at fortettinga ikkje svekker kvalitetane i dei eksisterande bumiljøa.
- Det skal til ei kvar tid vera tilgjengeleg bustadareal i heile kommunen.
- Kommunen skal aktivt gå inn i bustadprosjekt for å sikra trongen for kommunale bustader.
- Den nye sentrumsplanen skal styrka Vangen som attraktivt buområde.
- Gjennom Bustadsosial handlingsplan og gjennom god rettleiing og økonomisk støtte, skal me sikra at alle får sin eigen heim.

Samferdsel



12

Voss herad er eit knutepunkt for samferdsel, og me er ein stor kommunen med milevis med kommunal veg.

Det å ferdast trygt er grunnleggjande for alle. Difor er det liv og helse fyrst. Sjølv om det er investert mykje i vedlikehald dei seinare åra, står det framleis mykje att.

Me vil òg framover prioritera å heva standarden på dei kommunale vegane.

- Vedlikehaldet av kommunale vegar skal halda fram, og om mogleg, styrkjast.
- Me vil jobba overfor Vestland fylke for å få prioritert ny veg til Bavallen og opprusting av Raundalsvegen.
- E-16, heile vegen til Sogn-grense, og Bergensbanen, er det viktigaste nasjonale prosjektet vårt.
- Jernbanen er eit viktig og miljøvenleg transportmiddel. Me ynskjer auka bruk av jernbanen ved å få ned billettprisane
- Vossebanen, som er vår Inter-city strekning, bør blir ein del av fylket sine takstsoner.
- Me vil arbeida for å få breiband og fiber til alle i kommunen.
- Kollektivknutepunktet skal gjerast ferdig.
- Det skal setjast av kr 500.000 årleg til investering i gateljos.
- Trafikksikringsplanen for Voss må rullerast og utvidast til å omhandla heile Voss herad.
- Sti og løypenett, både i tettbygde område og i friluftsområda, skal bli tilgjengelege på kart.
- Me vil styrke beredskapsarbeidet ved å setja av areal på Tvildemoen og få på plass ny brannstasjon.

Inkludering

- alle skal med

I Voss Arbeidarparti legg me til grunn ei brei forståing av inkludering – det handlar om at alle skal med.

Utanforskap gjeld altfor mange, og då må me evna å sjå dei som fell utanfor. Mykje handlar om kunnskap. Til dømes at me veit at det er innbyggjarar som er bustadlause, og andre som ikkje får ta del i heilt vanlege aktivitetar. Med ei brei forståing av inkludering, kan me betre møta dei utfordringane me har.



” Voss skal vera ei bygd for alle

- Menneske med nedsett funksjonsevne skal ha tilbod om eigen bustad, og om mogleg kunne delta i arbeidslivet.
- Me skal betra levekåra for barnefamiliar som mottek sosialstønad.
- I saman med arbeid, er språk nøkkel til vellukka integrering. God språkopplæring og høve til språk-trening skal sikra integreringa for flyktningar og asylsøkjjarar.
- Voss herad skal ha ei eiga velkomstpakke til alle som flyttar til kommunen, som fortel om tenester, kultur- og idrettsstilbod.
- Arbeid er god inkludering. Kommunen skal vera ein pådrivar for praksisplassar og for eit godt koordinert inkluderingsarbeid.
- Universell utforming skal ligga til grunn i alle prosjekt og i utviklinga av heradet, slik at me alle kan delta på lik line.
- I valperioden skal talet bustadlause på Voss reduserast til null.
- For å inkludera innbyggjarar i den aukande digitaliseringa, skal det arrangerast internett- og datakurs.
- Innbyggjarmøte, eller andre former for dialog, skal sikra auka påverknad på tenestene kommunen leverer.
- Me skal bruka Friskus som verktøy for aktivitetar, frivillig arbeid og inkludering.
- Inkludering handlar om å vera open og gje innsyn. Difor skal Voss herad bygga ein kultur for dette.
- Me vil etablera eit livssynsnøytralt seremonilokale og ein minnelund.
- Me vil gje menneske med samansette utfordringar høve til å delta i arbeidslivet.

Våre kandidatar



1. Hans-Erik Ringkjøb



2. Hilde Magnusson



3. Erling Midttun



4. Bjørg Djukastein



5. Stein Helge Mandelid



6. Torgunn Hegland



7. Lars Haukom



8. Linda Merkesdal



9. Sondre Nyløy Espelid



10. Marit Wæhle



11. Erik Østlie



12. Mona Bystøl



13. Kjell Hernes



14. May Røsland



15. Atle Almenningen



16. Trine Økland Småbrekke



17. Ørjan Myrmel



18. Sissel Mugås Bjørkhaug




19. Egil Selvåg



20. Gjertrud Karevoll



21. Oddbjørn Harberg



22. Danijela Komljenovic



23. Andreas
Håland Hemli



24. Kaja Sudmann
Mandelid




25. Martin
Rønningen



26. Tove Nordli
Ødegård



27. Ernest
Mukelabai



28. Benedicte
Kragh



29. Gaute
Skutle




30. Ann Karin
Atterås



31. Kjell
Kjerland



32. Jane
Røsland



33. Aksel
Gregersen



34. Ingunn
Olsen



35. Knut
Opheim



36. Ann Kristin
Mæland Vedå



37. Helge
Nævdal



38. Sølvi T. Helland
Mortensen



39. Bernt
Bergstrøm



40. Jannicke
Neset



41. Lars
Brekke



42. Anita
Brekke



43. Oddvar
Lillevik



44. Gerd
Mandelid



Voss Arbeidarparti



voss_ap

Heimeside: voss.arbeiderpartiet.no

E-post: Voss.Arbeidarparti@gmail.com